



Elin Enes har mykje å by på no i førjulstida.

**Det er travle og lange dagar hos Elins Matgleder for tida, men så er det også ein skikkeleg julebutikk med svært variert og innhaldsrikt utval. I desse dagar bugnar det av lussekattar i tillegg til det vanlege baksteutvalet i samband med Lucia-dagen. Til helga er det både aktivitetar og søndagsjulemiddag.**

Først kommande lørdag, 16.12., vert det førjulskos og julestemning hos Elins Matgleder.

Det blir fyr i bålpanna, og ein kan grilla pølser med gode heimabakte pølsebrød. Det vert også aktivitetar for ungane der dei kan laga sin eigen julepynt. Medan dei er opptatt med dette, kan dei vaksne besøkja silobutikkane og hovudbutikken der dei i ro og mak ordne det du treng til jul av juletre (edelgran 600,-), julenek, julegåver, kaker, konfekt og mykje meir.

Søndag byr Elins Matgleder på førjulsmiddag. Då vert det servert k alkunfilét med waldorfsalat, fløytesaus, grønnsaker og poteter. I tillegg vert det sjølvsagt ein god dessertbuffét. Det vert to bordseter, kl.14 og kl.16. Det kostar 280,-kr pr. person, og då det er begrensa med plasser må ein bestilla bord på tlf 47012125.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.